# VEDLEGG TIL REVISJONSRAPPORT

*Vedlegg 1 – Side 1*
Nummerert brev nr. 1 (med vedlegg) til kontrollutvalet- datert 17.02.11
*Vedlegg 2 – Side 19*
Brev frå Nordea til kommunerevisjonen - datert 11.03.11
*Vedlegg 3 – Side 21*
Internt notat frå stabssjef i Sykkylven kommune – datert 23.10.08
*Vedlegg 4 – Side 24*
E-post frå Nordea til kommunalsjef – datert 23.10.08
*Vedlegg 5 – Side 26*
E-post frå stabssjef til Nordea og Sparebanken Møre – datert 23.10.08
*Vedlegg 6 – Side 27*
Tilbod renteswap frå Sparebanken Møre – datert 24.10.08
*Vedlegg 7 – Side 28*
Tilbod renteswap frå Nordea – datert 24.10.08
*Vedlegg 8 – Side 29*
Negativt svar frå stabssjef til Nordea – datert 31.10.08
*Vedlegg 9 – Side 30*
Positivt svar frå stabssjef til SBM – datert 31.10.08
*Vedlegg 10 – Side 32*
E-post frå Nordea som reaksjon på negativt svar – datert 31.10.08
*Vedlegg 11 – Side 34*
Oppdatert tilbod frå SBM som reaksjon på positivt svar – datert 31.10.08
*Vedlegg 12 – Side 35*
Swap-avtale mellom kommunen og Nordea - kontraktsdato 03.11.08
*Vedlegg 13 – Side 39*
Swap-avtale mellom kommunen og Nordea - kontraktsdato 13.02.09
*Vedlegg 14 – Side 46*
Internt notat frå stabssjef - datert 04.03.08
*Vedlegg 15 – Side 49*
E-post frå Nordea - datert 03.11.08
*Vedlegg 16 – Side 52*
Brev frå kommunen sin advokat til Nordea – datert 12.05.11

**Vedlegg 1**



Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar: Kurt Løvoll

Vår dato: 17.02.2011
Dykkar dato:
Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kontrollutvalet i Sykkylven kommune
v/Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS
Postboks 7881 Spjelkavik
6022 Ålesund

**Gjeldsforvaltning og brot på finansreglement med vidare – Innberetning - Brev nr. 01/2011.**

I medhald av forskrift om revisjon § 4, nr. 3, vil kommunerevisjonen melde til kontrollutvalet om forhold knytt til gjeldsforvaltninga i Sykkylven kommune. Det er i hovudsak 4 punkt saka gjeld:

1. Brot på Sykkylven kommune sitt finansreglement.
2. Brot på krav om eigenkompetanse i ny finansforskrift.
3. Kommunelova §52, nr. 3 om forbod for kommunane mot å ta vesentleg finansiell risiko.
4. Krav til informasjon til kommunestyret.

**Innleiing**
I møte i kontrollutvalet 9. mars 2010 vart Sykkylven kommune si handtering av gjeldsforvaltning eit tema. Bakgrunn for det var følgjande førespurnad frå kontrollutvalet:

> *Kontrollutvalet vil at rådmannen til neste møte orienterer om kva denne rente-swapen inneber av vilkår, om økonomiske resultat av denne forvaltninga, og om forvaltninga er i samsvar med forskrift om finansforvaltning og lokale retningsliner for finansforvaltning.*

Rådmannen v/kommunalsjef gjorde i møtet munnleg greie for handteringa i kommunen.

Ved rekneskapsavslutninga for 2009 (ferdig handsama i kommunestyret 28.06.2010) vart det i note nr 6 (vedlegg 1) opplyst om finansielle derivat som kommunen hadde inngått avtale om i desember 2009.

Kommunerevisjonen har ut frå punkta over funne grunn til å gjere ei vurdering av økonomiske konsekvensar over tid på desse avtalane, samt sjølv gjere ei vurdering av om transaksjonane var innanfor dei rammene som reglement og regelverk opna for. Når det gjeld økonomiske konsekvensar og rekneskapstekniske spørsmål, legg revisjonen til grunn at dette blir handsama i tilknyting til avlegging av rekneskapen for 2010.





**Om finansielle instrument i Sykkylven kommune:**

Rentebyteavtale
Blir og omtala som "renteswap". Denne er å rekne som eit finansielt derivat då instrumentet i seg sjølv ikkje medfører kjøp eller sal av eit underliggjande aktiva/passiva. Ein renteswap er ein avtale om bytte av rentebinding. Ein renteswap kan fungere som ein fastrenteavtale ved at kommunen i utgangspunktet betalar flytande rente på eit lån. Ved swap-en blir ein einige om at kommunen mottek flytande rente frå avtaleparten og betaler fastrente til same avtalepart.

Opsjon på rentebyteavtale
Blir og omtala som "swapsjon". "Swapsjonen" er og eit finansielt derivat. Dette derivatet er rekna for å vere komplisert då det og er eit opsjonselement med.
Kjøp av ein slik opsjon kan vere ei form for sikring av underliggjande gjeld ettersom kommunen kjøper seg ein rett til i framtida å velje å gå inn på ein swap som medfører ei fast rente for kommunen – dette er det same som å kjøpe seg eit rentetak.
Sal av ein slik opsjon kan derimot ikkje åleine vere sikring av gjeldsutgifter, då ein gir frå seg høvet til å fastsetje renta i framtida til den som kjøper opsjonen. Ein har med andre ord skaffa seg eit slags rentegolv (minimumsrente). Kommunar bør som hovudregel unngå sal av opsjonar.[1]

Hovudtrekk i Sykkylven kommune
I samband med budsjettsaldering for 2010 selde Sykkylven ein swapsjon til Nordea. Innhaldet i avtalen er at Sykkylven kommune fekk ei lågare rente i dei to første åra mot ei forplikting ved å utstede ein opsjon på ein rentebytteavtale som startar om 2 år og varar i 8 år (swapsjon) med høgare rente. Sykkylven kommunen har mao. redusert renteutgiftene tidleg i perioden, mot ei auke i forventa renteutgifter seinare i perioden. Avtalen gjeld renter knytt til 181,2 mill. kroner.

Tilsvarande sal av slikt finansielt derivat er gjort for 78,5 mill. kroner (Nordea kan krevje høg fastrente frå feb 2014 - feb 2020), og det vart og selt eit derivat som gjeld 177 mill. kroner. Dette siste derivatet var ein såkalla multikansellerbar avtale.

I notat frå Gabler Wassum as (vedlegg 2), blir det gjort nærare greie for avtalane.

## GJENNOMGANG OG VURDERING

**Finansreglemenetet**
Det er kommunestyret som gjennom finansreglementet set rammer for tilletne finansielle instrument. I finansreglementet som var gjeldande i Sykkylven kommune ved avtaletidspunkta for dei aktuelle derivata, går det fram at:

> *Kommunen sin finansforvaltning skal drivast slik at kommunen berre vert utsett for minimal risiko.*

Reglementet opnar ikkje for at kommunen skal kunne drive med handel i finansielle derivat.

[1] Jf. *Veileder til Finansforvaltning i kommunesektoren*, KS 2008

V-1



Kommunestyret i Sykkylven vedtok i desember 2010 nytt reglement. Det nye reglementet opnar heller ikkje for denne type derivathandel.

Det er kommunerevisjonen si vurdering at både opphavlege rente-swaper og handel med swapsjonar inneber brot på tidlegare og noverande finansreglement i Sykkylven kommune.

**Finanforforskrifta og krav om eigenkompetanse**
I ny finansforskrift går det fram av §3 eit krav om at kommunen skal ha kompetanse til å utøve finansforvaltninga i tråd med reglementet. Dette inneber eit krav om å kunne:

> *foreta faglig kvalifiserte vurderingar av finansiell risiko og den løpende finansforvaltningen, og kompetanse til å kontrollere om forvaltningen utøves i tråd med finansreglementet, kommunelovens regler og reglene i denne forskrift.*[2]

I møtet i kontrollutvalet 9. mars 2010 vart det ikkje delt ut skriftleg materiale i samband med orienteringa. Revisjonen var i møtet i samband med ei anna saka, og har notert at rådmannen v/kommunalsjef i møtet hevda at dette var produkt utan risiko. Vi har vidare notert at dette vart vurdert på same måte som fastrenteavtalar.

I møte med administrasjonen 22.12.2010 fekk vi opplyst at kommunen hadde sett på dette som rentebinding fram til at vi i dette møtet gjorde dei merksam på at dette var noko anna – sal av rentegolv.

Dette er etter vår vurdering døme på at ein ikkje forstod kompleksiteten i slik derivathandel. Det er etter vår vurdering ikkje vanleg at kommunar har kompetanse til å drive med handel av slike kompliserte finansielle derivat. Vi vurderer det slik at dette og gjeld Sykkylven kommune, og revisjonen meiner difor at dette gir eit brot med finansforskrifta sitt krav om eigenkompetanse.

**Kommunelova og forbod mot å ta vesentleg finansiell risiko**
I Kommunelova §52, nr. 3 går det fram at:

> *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte sine midler slik at tilfredstillende avkastning kan oppnås, uten at det innebærer vesentlig finansiell risiko, og under hensyn til at kommunen og fylkeskommunen skal ha midler til å dekke sine betalingsforpliktelser ved forfall.*

Det er kommunestyret som gjennom finansreglementet skal setje grensene for kva ein skal rekne for å vere vesentleg finansiell risiko. Kva som er vesentleg finansiell risiko må sjåast i samanheng med kommunen si evne til bere risiko, dvs. tap jf. merknad i ny forskrift. Vidare står det i forarbeida til kommunelova at:

> *Kravet om at man ikke skal eksponere kommunen for vesentlig finansiell risiko må imidlertid leses strengt.*

I vårt brev datert 16.11.2010 (vedlegg 4) bad vi om rådmannen si vurdering av transaksjonane med swapsjonar i høve til finansiell risiko. Dette spørsmålet tok vi opp att i brev datert 07.01.2011 (vedlegg 6). Brevet frå rådmannen datert 12.01.2011 (vedlegg 7) gir ikkje ei slik vurdering.

[2] Jf. merknader til forskrifta



I høve til forbodet mot vesentleg finansiell risiko vurderer revisjonen det slik at kommunen på dette punktet kan ha handla i strid med kommunelova.

**Krav til forsvarleg utgreiing**
Revisjonen har undersøkt budsjettdokument og sakspapir knytt til budsjettsaka. Vi har vidare sett på rekneskap med notar og budsjettrapportar. Vi har og bedt rådmannen om å oversende eventuell annan dokumentasjon som kan vise kva informasjon kommunestyre og formannskap har fått. Vi har fått stadfesting på at det ikkje er nokon annan dokumentasjon enn det som går fram i budsjett- og rekneskapssakene. I vedlegg 3 går det fram det vi har funne av skriftlig materiale.

Ut frå det vi finn går det ikkje fram nokon stad at kommunestyret har blitt opplyst om at dette krev ei endring av finansreglementet i Sykkylven kommune.

Vidare er avtalane innretta slik at ein får ein fordel no mot å måtte betale ei høgare rente seinare enn det marknaden tilseier. Dette inneber i prinsippet eit låneopptak for kommunen. Det er to vesentlige problemstillingar knytt til dette: For det første er det berre kommunestyret som eksplisitt kan vedta låneopptak, og for det andre er det strenge vilkår for kva lånemidlar kan nyttast til. Transaksjonen kan difor etter vår vurdering innebere eit brot på kommunelova §50. Vi kan ikkje sjå at desse problemstillingane er opplyst til kommunestyre/formannskap.

Det går ikkje fram nokon stad at det er høg risiko knytt til handel med slike derivat. Tvert i mot vart det m.a. i kontrollutvalet opplyst om at det ikkje var nokon risiko. Dette syner at ein ikkje har forstått instrumentet (jf. tidlegare avsnitt om krav om eigenkompetanse).

Kommunestyret må sjølv vurdere om dei har fått god nok informasjon i denne saka.

Note til rekneskapen (vedlegg 1) er det som kanskje seier noko rett om avtaleinnhaldet, men dette er etter vår vurdering ikkje tilstrekkeleg, og det er og slik at denne var lagt fram etter at avtalane allereie var inngått.

**Litt historikk om handsaming frå hausten 2010.**
I løpet av hausten 2010 bad kommunerevisjonen ei rekkje gonger om å få oversendt dokumentasjon på desse derivata frå Sykkylven kommune. Etter ein førebels gjennomgang av det oversendte materiale sendte revisjonen brev til kommunen 16.11.2010 (vedlegg 4). I brevet tok vi opp følgjande:

- Jf. kompleksitet i produkta bad vi om å få opplyst om kommunen hadde rådført seg med nokon (i tilfelle kven) for å sikre at avtalane var balansert for Sykkylven kommune, og eventuelt om det var gjennomført konkurranse for å sikre dette.

2

V-1



- Jf. kommunelova §52 om forbodet mot å ta vesentleg finansiell risiko, bad vi om rådmannen si vurdering i høve dette, m.a. i høve til operasjonell risiko.
- Vi bad og om ei vurdering av innhald i ny avtale.

Ut frå kompleksiteten i avtalane bad vi samstundes Gabler-Wassum as (GW) om ei nærare vurdering av verdiar/latente forpliktingar mv. i 3 opsjonsavtalar.

I notat datert 21.12.2010 (vedlegg 2) konkluderte GW med at det samla latente tapet på opsjonane pr. medio desember utgjorde 11,3 mill. kroner. GW gjorde også greie for opsjonane der 2 var av typen Europeisk, og ein av typen Bermuda. Begge typane er kompliserte finansielle derivat.

Ut frå verdisetjinga tok revisjonen straks kontakt med Sykkylven kommune og det vart halde eit møte 22.12.2010. Referat frå dette møtet ligg ved (vedlegg 5).

I møtet bad revisjonen om å bli halden orientert om utviklinga i saka. Vi ga kommunen råd om å knyte til seg kompetanse. Vi peika vidare på at ein saman med kompetanse kunne ta kontakt med motparten (Nordea) på eit høgare nivå en seljar for å finne ei løysing. Vi vurderte det slik at det som var gjort var i strid med reglementet, og sannsynlegvis også i strid med forbodet mot å ta vesentleg finansiell risiko. Dette burde motparten etter vår vurdering kanskje vore merksam på. I etterkant har vi blitt gjort merksam på at den eine avtalen (med estimert positiv verdi på kr 300.000 for Sykkylven kommune) har blitt avslutta. Beløpet er så vidt vi kjenner til ikkje kome til utbetaling til kommunen. Vi har forstått det slik at grunngjevinga for avslutninga har vore at avtalen ikkje var i tråd med finansreglementet.

Med unntak av eit telefonmøte 23.12.2010 og telefonsamtale i romjula, tok ikkje kommunen etter dette kontakt med kommunerevisjonen. Vi sendte difor 07.01.2011 eit brev (vedlegg 6) til kommunen der vi viste til møte og tidlegare brev og repeterte spørsmåla i tidlegare brev. I brevet bad vi i tillegg om at kommunen gjorde greie for verdiar (eventuelt forpliktingar) i desse derivata mtp. føring i rekneskapen som omløpsmiddel/kortsiktig gjeld, eventuelt potensiell gevinst/tap ved terminering av kontraktane. Vi bad og om å få opplyst om Nordea fekk oversendt reglement då avtalane vart inngått. Til slutt tilbaud vi oss å stille på eit møte om det var ønskjeleg.

Revisjonen mottok svar på dette i brev datert 12.01.2011 (vedlegg 7).
I brevet syner kommunen til møte i kontrollutvalet 09.03.2010, og det går fram at rådmannen ikkje kan sjå anna enn at det vart gitt ei fullgod orientering av rådmannen v/kommunalsjef i kontrollutvalsmøte. Sidan revisjonen var til stades i dette møtet, meiner rådmannen at dette hadde vore førelagt revisjonen på fullgod måte.

Revisjonen registrerer at rådmannen meiner at det er gjeve ei fullgod orientering i kontrollutvalet av ein medarbeidar som overfor revisjonen har gjort det klart at han på det tidspunktet ikkje visste konsekvensane av å selje eit slikt produkt, noko som og uttale i media og seinare møter stadfestar.



Vi registrerer vidare at rådmannen meiner at ei slik orientering i kontrollutvalet er det same som å leggje saka fram for revisjonen. Revisjonen vurderer det slik at saka burde vore lagt fram for revisjonen før ein i utgangspunktet juridisk bindande avtale vart skriven – spesielt når avtalen gjaldt ein type produkt som det ikkje var dekning for i reglementet for kommunen, og som i tillegg er eit komplisert finansielt derivat som ein skal ha god kompetanse for å forstå. Revisjonen er uavhengig instans når det gjeld finansreglementet i kommunen, og dersom ein vil gjere endringar i reglementet må uttale frå uavhengig instans innhentast.

Vidare hevdar rådmannen at utforming av note var diskutert med kommunerevisjonen før noten vart laga. Dette er etter vår vurdering feil, og noten var så vidt vi kjenner ikkje tema hjå revisjonen før utforminga.

Rådmannen skriv vidare at revisjonen i møte 22.12.2010 fekk opplyst at det ikkje hadde vore konkurranse ved omdanning frå renteswap til swapsjonar. Vår oppfatning var at administrasjonen opplyste om at det hadde vore konkurranse på swap-avtalane, men at det ikkje var sagt mykje om konkurranse ved swapsjon-transaksjonane. Vi registrerar ut frå brevet at det ikkje har vore slik konkurranse.

Når det gjeld rådmannen sin kommentar finn vi og grunn til å presisere at det er ikkje er slik at ein omdannar ein swap til ein swapsjon. Dette er to uavhengige og forskjellige derivat som rekneskapsteknisk skal handterast kvar for seg.

Rådmannen gav i brevet ikkje noko vurdering av finansiell risiko, og vi har heller ikkje fått opplyst om kven av eventuelt uavhengige som har vore med og vurdert desse produkta.

## Oppsummering

I denne saka kan det sjå ut som om kommunen hadde tenkt å redusere renteutgifter i dei første to åra mot at ein inngjekk avtale om å betale betale meir i forventa renteutgifter seinare. Dette er å sjå på som lån, og ikkje lov dersom det blir brukt til budsjettsaldering. Den gevinsten ein eventuelt oppnår på kort sikt skulle vore ført opp som kortsiktig gjeld.

Nokre hovudpunkt i saka er:

- Gjennomgangen syner at det har vore brot på finansreglementet i kommunen. Dersom kommunestyret skulle kunne gjere eit vedtak om å byrja å selje finansielle derivat, måtte reglementet endrast før vedtaket. Endring av finansreglement skulle i så fall vore førelagt uavhengig instans.
- Vidare er det vår vurdering at kommunen ikkje har god nok kompetanse til å drive ei gjeldsforvaltning som inneber handel med derivat.
- Transaksjonane kan ha vore i strid med kommunelova §50 og §52.

3

V-1



Når det gjeld rekneskapsmessig handtering er det slik at dei negative verdiane skal førast pr. 31.12.2010. Pr. medio desember har vi fått rekna ut at verdiane då innebar ei kortsiktig gjeld på om lag 11,3 mill. kroner.

Revisjonen fekk 14.02.2011 oversendt verdiar på denne forpliktinga frå kommunen (vedlegg 10). Nordea gav då ein verdi på 11,2 mill. kroner. Vi er vidare kjent med at dette talet er redusert til 8,6 mill. kroner pr. 09.02.2011, noko som viser kor volatilt dette produktet er.

Ut frå eit ønskje om å få saka fullt opplyst sendte revisjonen brev til Nordea 01.02.2011 (vedlegg 8) der vi mellom anna

- bad om å få opplyst om kva vurderingar som vart gjort i samband med kundeklassifisering (jf. verdipapirlova), og
- bad om banken si vurdering av om transaksjonane var innanfor ramma som finansreglementet i kommunen set.

Det vart motteke svar på dette i e-post 14.02.2011 (vedlegg 9). Vi registrerer at Nordea ikkje vil gje opplysningar om dette til kommunen sin revisor.

Med helsing

Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

Kurt A. Løvoll
revisjonsrådgjevar

Kopi: Sykkylven kommune v/rådmannen

Vedlegg:

1. Noteopplysningar rekneskap 2009.
2. Rapport Gabler Wassum as (21.12.2010).
3. Oppsett over opplysningar gitt til formannskap/kommunestyre i budsjett- og rekneskapssakar
4. Brev (16.11.2010) frå kommunerevisjonen til rådmannen i Sykkylven kommune.
5. Referat frå møte (22.12.2010).
6. Brev (07.01.2011) frå kommunerevisjonen til rådmannen i Sykkylven kommune.
7. Brev (12.01.2011) frå rådmannen i Sykkylven kommune til kommunerevisjonen.
8. Brev (01.02.2011) frå kommunerevisjonen til Nordea.
9. E-post (14.02.2011) frå Nordea til kommunerevisjonen.

V-1



## Note nr. 6 – Rentebyteavtalar og renter

Frå november 2008 tok kommunen i bruk rentebyteavtalar for å sikre at renteutgiftene vart påreknelege. Avtalane har vore drøfta med formannskap og kommunestyre.

### *Rentebyteavtalar*

#### Opphavlege avtalar:

Avtale nr 1/2008

3. november 2008. Hovudstol kr 181 208 230. Fastrente 4,23 %, målt mot 3 mnd NIBOR

Avtale nr 2/2009

13. februar 2009. Hovudstol kr 80 000 000. Fastrente 3,49 % målt mot 3 mnd NIBOR

Avtale nr 2 vart avslutta 1. desember 2009 og avtale nr 1 vart avslutta 17. desember 2009

#### Nye avtalar:

Avtale nr 3/2009

1. desember 2009. Hovudstol kr 122 232 999. Fastrente 2,63 % målt mot 3 mnd NIBOR. Avtalen går ut 29. november 2010.

Avtale nr 4/2009

1. desember 2009. Hovudstol kr 78 500 000. Fastrente 2,94 % for perioden 5. november 2009 til 7. november 2011. Fastrente deretter 3,49 %. Nordea kan frå 5. februar 2014 til 5. februar 2020 krevje at vi går inn i ein fastrenteavtale på 4,90 %

Avtale nr 5/2009

1. desember 2009. Hovudstol kr 181 208 230. Fastrente 3,38 %. Nordea kan frå 19. desember 2011 til 17. desember 2019 krevje at vi går inn ein fastrenteavtale på 4,80 %.

| RENTEBYTEAVTALAR | RESULTAT | MOTTEKE FRÅ NORDEA | BETALT NORDEA |
|---|---|---|---|
| År 2008 | 575 336,13 | - 1 746 394,32 | 1 171 058,19 |
| År 2009 | - 3 080 692,42 | - 7 321 680,32 | 10 402 372,73 |
| Akkumulert resultat | - 2 505 356,29 | | |

### *Renteutgifter på kommunen sine lån*

Netto utgift ansvar 1 110 1130

| RENTEUTGIFTER | BUDSJETT | REKNESKAP | AVVIK |
|---|---|---|---|
| År 2008 | 13 872 500 | 18 341 604 | - 4 469 104 |
| År 2009 | 13 955 000 | 13 964 288 | - 9 288 |

V-1

# Vedlegg 2

Vurdering av handel

med

finansielle instrumenter

i

Sykkylven kommune

GABLER WASSUM AS
Pensjon • Investering • Aktuar

21. desember 2010



6

## 1 Innledning

Sykkylven har inngått 3 opsjonsavtaler med Nordea. Felles for alle avtalene er at disse er konstruert slik at Sykkylven ikke mottar en premie ved oppstart av avtalene, men tilbys vilkår som på avtaletidspunktet fremstår som gunstigere enn det markedet kan tilby. Man kan enkelt si at betaling for at kommunen utsteder en opsjon til banken, er at kommunen oppnår gunstige betingelser på sine lån i startperioden. Utgangspunktet for avtalene er kommunens eksisterende gjeld på balansen.

Ved vurdering av avtalene er det flere forhold som bør trekkes frem. Formålet med avtalene, økonomisk verdi og regnskapsmessig behandling står her sentralt. Hver enkelt avtale er drøftet nedenfor.

## 2 Oppdrag

Gabler Wassum har fått i oppdrag fra kommunerevisjonen i Møre og Romsdal å vurdere 3 avtaler om handel med finansielle instrumenter inngått mellom Sykkylven kommune og Nordea.

### 2.1 Ansvarsfraskrivelse

Gabler Wassum har gjennomført dette oppdraget for kommunerevisjon i Møre og Romsdal. Rapporten inneholder ingen anbefaling om kjøp eller salg av finansielle instrumenter. Gabler Wassum gir råd og bistand basert kilder vi anser som pålitelige, på sin opparbeidede kunnskap og etter beste skjønn. Gabler Wassum er ikke ansvarlig for direkte eller indirekte økonomisk eller ikke-økonomisk tap eller skade som følge av at slike råd følges.

## 3 Kontrakt 959719 NOK 177 000 000

### 3.1 Om avtalen

Under denne avtalen mottar Sykkylven NIBOR 3 mnd. fra Nordea samtidig som kommunen har en sikker forpliktelse til å betale en fast rente i 1 år på 2,5% til Nordea. Sammenliknet med markedsrenten på handelsdatoen, er det noe gunstigere enn om kommunen på vanlig måte hadde bundet renten for 1 år. Etter 1 år har Nordea rett til å kansellere denne avtalen.

Den kan kanselleres første gang den 29. november 2011 og på alle etterfølgende betalingsdatoer frem til forfall. Sykkylven har utstedt en renteopsjon til Nordea som kan utøves på 17 forskjellige tidspunkt før avtalen forfaller i sin helhet. Avtalen består av en fastrenteavtale i 1 år tillagt et salg av renteopsjoner som under visse vilkår gir mulighet til forlengelse. Avtalen med renteopsjonene er av Bermuda type.

V-1



Figuren nedenfor gir en kort illustrasjon av avtalen sammenliknet med rentekurven i markedet og et alternativ med å velge fastrentebinding over avtalens løpetid 5 år.




*Figuren skal illustrere at rentebetalingene blir noe lavere enn både markedsrenten på 1 år og fastrentebinding på 5 år, men det er usikkert hvordan rentekostnadene vil utvikle seg etter det første året.*

## 3.2 Formål

Motivet til Sykkylven for å inngå denne type avtaler kan være, at samlet sett, kan det fremstå som om kommunen får lavere betalbare rentekostnader, i hvert fall det første året.

Mens Sykkylven ville ha betalt om lag 50 – 60 bp over NIBOR 5 år for et fastrentelån hos Kommunalbanken, ser det her ut som man får en lavere rentekostnad: Sykkylven vil med denne kontrakten betale den faste renten på 2,5% + marginen over NIBOR 3 på banklånet.

Nordea vil med denne avtalen komme godt ut dersom lange renter faller kraftig. Banken vil da la være å utøve opsjonen. Stiger derimot renten, vil fordelen til Sykkylven øke, men her har banken sikret seg ved å kunne tre ut av avtalene på ethvert betalingstidspunkt etter november 2011.

## 3.3 Regnskapsmessig behandling

Hovedregelen er at finansielle instrumenter skal føres til virkelig verdi i balansen, med mindre det kan argumenteres for at verdiendringen på balanseposten som sikres, motsvarer verdiendringen på det finansielle instrument("Sikringsbokføring"). Løpetiden på balanseposten skal samsvare med løpetiden på det finansielle instrumentet.

Hovedregelen fastslår at dersom det ikke kan legges til grunn at det finansielle instrumentet er et anleggsmiddel, skal det klassifiseres som et omløpsmiddel og vurderes til virkelig verdi. GKRS 1 med notat om behandling av finansielle instrumenter utdyper dette nærmere.







Dette finansielle instrumentet bør nok vurderes til virkelig verdi i balansen. Særlig to årsaker kan trekkes frem:

- Løpetiden på kontraktene er ulike. Sykkylven kjenner ikke til løpetiden på kontrakten da retten til å utøve opsjonen ligger på Nordeas hånd.
- Det er ingen god samvariasjon mellom verdien på balanseposten det skal sikre og det finansielle instrumentet.

Det skal også bemerkes at salg av opsjoner egner seg dårlig til å styre rentekostnadene på gjeldsporteføljen med mindre man har særdeles god kompetanse på opsjonshandel og systemer for risikostyring. Man gir fra seg betydelig fleksibilitet for en lang periode, det er særdeles kompliserte instrumenter å verdivurdere, man kjenner videre ofte ikke til verdien på det man har gitt fra seg.

Videre går det ikke frem om avtalene er konkurranseutsatt. Det bør i så fall være dokumentert. Det kan være betydelige skjulte marginer banken beregner seg når avtalene ikke konkurranseutsettes. Sist, men ikke minst er det krevende å følge opp slike avtaler.

Vår vurdering er at Sykkylven bør føre den latente forpliktelsen til balansen ved hver regnskapsavslutning. Alt annet like, vil derfor Sykkylvens kostnader være minst på samme nivå som før kontrakten ble inngått. (Men ettersom banken tar seg også betalt med marginer i denne handelen, har nok reelt sett kommunen et dårligere utgangspunkt selv om alle verdier var uendrede).

Kommunen bør ved hver regnskapsavslutning bokføre markedsverdien av kontrakten i balansen. Endringer i verdi skal føres over resultatet.

En anbefaling er at Sykkylven kommune bør motta rapporter over markedsverdien av de utestående kontraktene ved hver regnskapsavslutning.

Markedsverdien av kontrakten er estimert til om lag NOK 300 000 medio desember 2010.

# 4 Kontrakt 897095 NOK 181 208 230

## 4.1 Om avtalen

Under denne avtalen mottar Sykkylven NIBOR 3 mot å betale en rente på 3,38 % frem til 19. desember 2011. På denne dato har Nordea rett til å forlenge avtalen frem til 17. desember 2019 til en fastrente på 4,80%.

Her har Sykkylven fått en gunstigere rente i de to første årene mot å påta seg en forpliktelse ved å utstede en opsjon på en rentebytteavtale som starter om 2 år og løper i 10 år (swapsjon).

V-1



Figuren nedenfor illustrerer kontraktens vilkår sammenliknet med rentekurvene i november 2009 og desember 2010.




Av figuren kan følgende observeres:

- Sammenliknet med å binde renten i november 2009 til 4,70% (vi ser bort fra kredittmargin på lånet) betaler nå kommunen en rente på 3,38% som er betydelig lavere enn 10 – års renten, og noe lavere enn 2 –års renten i november 2009.
- Lange renter har falt siden november 2009, mens korte renter har steget
- Den stiplede linjen illustrerer den betingede forpliktelsen kommunen kan påføres ved at Nordea utøver sin renteopsjon på 4,80%.

Den latente forpliktelsen utgjør om lag 8,8 millioner kroner medio desember. Regnskapsmessig behandling blir som skissert tidligere. Endringer i markedsverdien bør resultatføres og verdien skal avsettes i balansen.





# 5 Kontrakt 879103 NOK 78 500 000

Denne kontrakten er en annen variant av den foregående kontrakten, men strukturen er den samme: Kommunen har utstedt en opsjon på en rentebytteavtale (swapsjon) . Opsjonspremien har blitt benyttet til å finansiere en lavere betalbar rente i de første 5 årene mot en forpliktelse til å betale en høyere rente om 5 år, jf. den forenklede skissen under




Også på denne kontrakten ligger kommunen an til å ta et tap, beregnet til om lag 2,5 millioner kroner.

Den regnskapsmessige behandlingen av denne kontrakten blir lik som for de to foregående kontraktene. Endringer i markedsverdien skal føres over resultatregnskapet.

# 6 Oppsummering

Kommunen har gjennom disse kontraktene utstedt opsjoner for totalt 435 millioner kroner på gjelden. Det latente tapet utgjør i forhold til dagens markedsvilkår ca 11,3 millioner kroner, jfr figuren nedenfor. Dette bør belastes kommunens finansregnskap.






8

Alle kontraktene inneholder opsjoner. Finansreglementet åpner så vidt jeg ser ikke opp for finansielle derivater, hverken rentebytteavtaler eller renteopsjoner, men forbyr heller ikke slike avtaler.

Nåværende utforming av finansreglementet (basert på Finansreglementet av desember 2001 og utkast medio 2010) sier ingen ting om hva som er forsvarlig finansiell risikotaking og kan følgelig påføre kommunen betydelig risiko. Fullmakter for handel med finansielle instrumenter, forvaltning av plasserings- og gjeldsporteføljen mangler.
Et sentralt spørsmål da blir om avtalenes eksponering er av en slik art at den er vesentlig i forhold til kommunens evne til å bære risiko. Det er ikke vurdert her.

Vi vil på generell basis sterkt anbefale at kommunen utarbeider et revidert finansreglement der også slike bestemmelser inngår.

Med vennlig hilsen
GABLER WASSUM AS

Lasse Sørensen
Seniorkonsulent
Sign.

V-1

# Vedlegg 3

<u>Saksprotokoll f.skap. 30.11 (sak 106)</u>

*"Behandlingsinformasjon.....*

*.. Det vart røysta over rentebinding som ein del av inndekninga. 7 røysta for og 1 røysta mot...."*

og så går det fram av inndekninga:

*"...*

*Rentebinding - 1 250 000*

*.."*

Under <u>tilrådinga punkt 4</u> står det:

*"4. a) Driftsbudsjettet for 2010 vert godkjent i samsvar med budsjettskjema 1A og fordelt i samsvar med rådmannens budsjettutkast, med følgjande endringar:*

*....*

*Rentebinding: - 1 250 000*

*...."*

Vidare finn vi i <u>budsjettdokumentet (rådmannen sitt utkast)</u>:

*"Lån kr 180.000 000: Rentebytteavtale over tre år fram til desember 2011 til 4,23% p.a. Denne avtalen kan justerast gjennom 'swaption' til 3,64% p.a. fram til desember 2011. Dette er lagt til grunn, men må avklarast nærmare i budsjettprosessen*

*Lån kr. 80 000 000: Rentebyteavtale over fem år fram til februar 2014 til 3,49% p.a.*

*Lån kr. om lag kr. 125 000 000: P.t. på flytande rente. Ein kan i dagens marknad binde denne i 12 mnd. til, om lag 2,75% p.a. Ein legg til grunn eit rentenivå på om lag 3% p.a. på desse låna."*

Og så i protokoll <u>K.styre (Sak 66)</u>

*"4. a) Driftsbudsjettet for 2010 vert godkjent i samsvar med budsjettskjema 1A og fordelt i samsvar med rådmannens budsjettutkast, med følgjande endringar:*

*....*

*Rentebinding: - 1 250 000*

*..."*

V-1

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
i Møre og Romsdal IKS

# Vedlegg 4



| Vår sakshandsamar: | Vår dato: | Vår referanse: |
|---|---|---|
| Kurt A. Løvoll | 16.11.2010 | |
| | Dykkar dato: | Dykkar referanse: |

KOPI

Sykkylven kommune
Rådmannen
Rådhuset
6230 SYKKYLVEN

VEDK. FINANSFORVALTNING - SYKKYLVEN KOMMUNE

Vi viser til tidlegare vurdering av finansreglement i Sykkylven kommune. Vidare vert det vist til forskrift om finansforvaltning § 3, 3. ledd om kommunens eigenkompetanse gjeldande frå 01.07.2010.

Det er inngått kontrakt for derivattransaksjonar mellom Sykkylven kommune og Nordea Bank Norge AS, datert 26.04.2010. I vedlegg til avtalen går det fram at Sykkylven kommune er

> *Innforstått med at all handel i finansielle instrumenter er beslutter av kunden sjølv og er i overenstemmelse med kundens formål og interne retningslinjer*

Sykkylven kommune har inngått fleire avtalar med Nordea, der det m.a. går fram at Nordea frå 05.02.2014 til 05.02.2020 kan krevje at Sykkylven kommune inngår ein fastrenteavtale på 4,9% knytt til eit lån på 78,5 mill. kroner. Vidare avtale om at Nordea frå 19.12.2011 til 17.12.2019 kan krevje at kommunen inngår ein fastrenteavtale på 4,8% knytt til eit lån på 181,2 mill. kroner. I tillegg har Sykkylven kommune ein fastrenteavtale på 2,63% målt mot 3 mnd. NIBOR gjeldande frå 01.12.2009 til 29.11.2010. Avtalane er ikkje førelagt kommunerevisjonen.

Kommunerevisjonen kan ikkje sjå at finansreglementet gir høve til å nytte renteopsjonar, og ber difor rådmannen gjere greie for desse avtalane i høve til gjeldande finansreglement.

Kommunerevisjonen vil peike på at ein må ha spesialkompetanse innanfor området derivat for å kunne forstå risikobiletet og prising av denne type finansielle instrument. Vi ber difor om å få opplyst om kommunen har rådført seg med nokon (i tilfelle kven) for å sikre at avtalane er balansert for Sykkylven kommune, og eventuelt om det er gjennomført konkurranse for å sikre dette.



Komrev3 IKS



| Vår dato: | Vår referanse: |
|---|---|
| 16.11.2010 | |

Vi viser også til kommunelova § 52 om forbodet mot å ta vesentleg finansiell risiko, og ber om rådmannen si vurdering i høve dette, m.a. i høve til operasjonell risiko.

Vi viser til slutt til avtalen som går ut 29.11.2010, og ber om ei kort orientering om innhaldet i ny avtale.

Med helsing

Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

Kurt A. Løvoll
revisjonsrådgjevar

11

V-1

Vedlegg 5

**FINANSFORVALTNING – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Møtereferat

| | |
|---|---|
| *22.12.2010* | |
| *Til stede:* | Sykkylven kommune:<br>Ole Johan Lillestøl<br>Dag Flacké<br>Arild Bergstrøm<br>Komrev3 IKS:<br>Kjetil Bjørnsen<br>Svein Ove Otterlei<br>Kurt Løvoll |
| *Neste møte:* | Ikke avtalt |
| *Referent:* | Kurt Løvoll |

## I. Bakgrunn

Kommunerevisjonen orienterte om bakgrunn for "hastemøtet", bl.a til brev fra revisjonen datert 16.11.2010.

Kommunerevisjonen har sett nærmere på såkalte swapsjoner (finansielt derivat) i Sykkylven kommune, og har innhentet kompetanse fra Gabler-Wassum as som har vurdert opsjonene. I notat datert 21.12.2010 (ble overlevert i møtet) går det fram at de opsjonene som Sykkylven kommune har solgt til Nordea er pr. medio desember beregnet å utgjøre et samlet latent tap på 11,3 mill. kroner. Revisjonen gjorde merksom på at dette skal balanseføres, og resultatføres – og vil gi negativ konsekvens på årsregnskapet for kommunen.

Videre poengterte revisjonen (som også fremgikk av tidligere brev) at det som var gjort etter revisjonen sin oppfatning var i strid med finansreglementet i kommunen.
Revisjonen understreket at disse avtalene ikke var noe fremtidig rentesikring, da det var opp til Nordea å vurdere hvorvidt de ville gi en fastrenteavtale eller ikke. Videre problematiserte revisjonen at avtalene la opp til en fordel nå mot en forpliktelse senere. Forståelsen av dette ble vist på tavle av Bergstrøm fra Sykkylven kommune, og var etter revisjonen sin vurdering i tråd med revisjonen sin forståelse.

## II. Diskusjon

Rådmann og kommunalsjef uttalte at de hadde forstått disse avtalene som en sikring av renten i neste omgang når opsjonsperioden ville inntreffe (dvs. kjøp av rentetak for en nærmere fastsatt periode). Kommunerevisjonen presiserte at avtalene slik de nå forelå bare innebar en sikring av et nedre nivå på renten, og bl.a. derfor ikke kunne sees på som et sikringsinstrument. Kommunerevisjonen oppfattet i møtet at det nå var en felles forståelse av dette.

Rådmann tok videre opp at administrasjonen hadde orientert formannskap, kommunestyre og kontrollutvalg om avtalene, og at det også var nevnt i note i regnskapet for 2009.
Revisjonen pekte på at en orientering om noe som en tror er en fastrenteavtale men som egentlig er et komplisert finansielt derivat er problematisk. Revisjonen mente også at slike saker eksplisitt bør tas opp med revisjonen og ikke bare nevnes i en note. I dette tilfellet er det revisjonen som har måttet ta opp saken med kommunen.

Det ble diskutert om det var noe kommunen kunne gjøre. Revisjonen antydet at ut fra at dette ikke var i tråd med reglement, og at det er svært kompliserte finansielle derivat det her er snakk om – der forholdet til finansiell risiko og kommuneloven også kunne være problematisk, så kunne det kanskje være en mulighet å gå i dialog med Nordea for å få kansellert avtalene.
Revisjonen antydet videre at en da i så fall kanskje burde ta kontakt med Nordea på et høyere nivå enn selger, og at en burde ha støtte fra eksperter i denne kontakten. Revisjonen anbefalte kommunen å vurdere å ta kontakt med Gabler-Wassum for assistanse.

## III. Konklusjon

Kommunen ønsket å ta kontakt med Gabler-Wassum, og fikk kontaktpunkt av kommunerevisjonen.
Kommunerevisjonen avsluttet med et ønske om å bli holdt løpende orientert om utviklingen av denne saken, og sa seg villig til å assistere om det var ønskelig.

V-1

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
i Møre og Romsdal IKS

KOPI **Vedlegg 6**



| Vår sakshandsamar: | Vår dato: | Vår referanse: |
|---|---|---|
| Kurt Løvoll | 07.01.2011 | |
| | Dykkar dato: | Dykkar referanse: |

Sykkylven kommune
Rådmannen
Rådhuset
6230 SYKKYLVEN

VEDK. FINANSFORVALTNING - SYKKYLVEN KOMMUNE

Vi viser til vårt brev datert 16.11.2010 der vi bad kommunen om å gjere greie for handel med Nordea med finansielle derivat (sal av rentopsjonar), sett i lys av finansreglementet i kommunen, som ikkje opnar for slik handel. Vidare ønskte vi å få opplyst om kommunen hadde rådført seg med nokon (i tilfelle kven) for å sikre seg balanse i denne handelen. Vi bad og om rådmannen si vurdering av avtalane sett i høve til forbodet mot å ta vesentleg finansiell risiko. Vi ber no igjen om at kommunen svarar på desse problemstillingane, og vi ber om få opplyst i kva grad denne handelen har vore gjenstand for konkurranse.

I møte med kommunen 22.12.2010 gjorde vi greie for vår vurdering av avtalane, og overleverte også eit notat frå Gabler Wassum som underbygg vår vurdering. I samband med møtet (og telefonsamtale 23.12. og i romjula) bad vi om å bli halden orientert om kva kommunen ville gjere med saka. Vi minner med dette om at vi ser det som naturleg at kommunen held revisor orientert om utviklinga i saka.

Når det gjeld den rekneskapsmessige handteringa legg vi til grunn at dette blir gjort i samsvar med regelverk og god kommunal rekneskapsskikk i samband med avslutning av årsrekneskapen for 2010.

Med helsing

Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

Kurt A. Løvoll
revisjonsrådgjevar

Postadresse: Postboks 7734 Spjelkavik, 6022 Ålesund
Besøksadresse: Larstadvegen 545, 4 etg.
E-postadresse: komrev3@komrev3.no
Telefon: 70 17 21 50
Telefaks: 70 17 21 51
Bankkonto: 6540 05 00465
Føretaksregisteret: NO 971 562 587

V-1

# Vedlegg 7

**Sykkylven kommune**
Stabseininga

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og
Romsdal
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 ÅLESUND

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Dykkar dato: | 16.11.2010 | Vår dato: | 12.01.2011 | Saksbeh.: | Arild Bergström | | |
| Dykkar ref.: | | Vår ref.: | 2010/678-336/2011 | Telefon: | 70 24 66 00 | | |
| | | Klassering: | 250 | | | | |

## Svar vedkomande finansforvaltning - Sykkylven kommune

Det vert synt til Dykkar brev datert 16. november f.å., telefonsamtalar mellom Dykk og rådmannen om å ha eit møte vedkomande denne saka, møte i Sykkylven 22. desember f.å., telefonmøte i romjula og til Dykkar brev datert 7. d.m.

De syner til inngått kontrakt om derivattransaksjonar, datert 26.04.10.

Kontrakt for underskriving vart motteke her 14.04.10 frå Nordea Sykkylven ved Kai-Otto Roald Senior kundeansvarlig BM.

> Vedlagt oversendes Nordeas avtalesett for valuta og derivathandler i to eksemplarer.
>
> Nordea Markets har sentralisert systemene for valuta og derivathandler til Finland. Dette betyr at Nordea Bank Finland Plc er juridisk kontraktsmotpart når du handler med Nordea Markets.
>
> Det er kundeteamet i Nordea Markets i Norge som vil betjene Dem vedrørende alle handler med valuta, rente og derivatprodukter.
>
> Avtalene bes returnert i underskrevet stand til Nordea Bank Norge ASA. Deres eksemplar av avtalen vil bli returnert når Nordea har undertegnet avtalen.
>
> Vennligst kontakt deres kundekontakt i Nordea ved eventuelle spørsmål.

Stabssjef sendte då brev datert 22.04.10 til Nordea:

> Eg viser til motteke avtalesett for retur i underskriven stand.
>
> Før vi returnerer dokumenta kunne vi ha tenkt oss litt meir informasjon.
>
> Medfører denne avtalen noko utviding eller endring av eksisterande avtale.
>
> Ved høve kunne eg tenkt meg eit møte med deg om dette.
>
> Ver snill og send meg ein epost, til arild.bergstrom@sykkylven.kommune.no med eit par tidspunkt som høver for deg.





Kai-Otto Roald i Nordea Sykkylven ringde då attende og fortalde at ved ein lapsus var ikkje kontrakt underteikna ved inngåing av første rentebyteavtale i 2008 og at kontrakten soleis ikkje utvida eller endra noko føregåande avtale.

Stabssjef diskuterte kontraktsframlegget med kommunalsjef Flacké som var med på dei opphavlege tingingane med Nordea Markets.

Deretter la han kontrakten fram for ordførar som skreiv under.

Om underteikning av Nordeas kontrakt for derivattransaksjoner vart gjort lenge etter kontraktane har noko å sei for saka, har ikkje vore vurdert.

Revisjonen ber rådmannen gjere nærare greie for fullmakter, handlingar, og verknad.

Rådmannen vil her syne til sak i Kontrollutvalet – sak 7/10 9. mars 2010. (Møteboka syner dato 9. mars 2009, men saksnr og anna informasjon tilseier 2010)

Kontrollutvalssekretariatet hadde på førehand bede om slik utgreiing frå administrasjonen:

> Kontrollutvalet vil at rådmannen til neste møte orienterer om kva denne rente-swapen inneber av vilkår, om økonomiske resultat av denne forvaltninga, og om forvaltninga er i samsvar med forskrift om finansforvaltning og lokale retningsliner for finansforvaltning.

Det låg føre saksdokument datert 4.03.10 frå kontrollutvalssekretariatet.

Kommunalsjef Dag Flacké orienterte på vegne av rådmannen. Frå Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 var desse til stades:

- Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen
- Revisjonsrådgjevar Jens Sæther
- Revisjonsrådgjevar Kurt A. Løvoll

Rådmannen kan ikkje sjå anna enn at det her vart gitt fullgod orientering. Kontrollutvalet gjorde samrøystes slik vedtak:

> Kontrollutvalet tek saka til orientering.

De skriv at avtalane ikkje er førelagt kommunerevisjonen.

Rådmannen legg til grunn at revisjonen var til stades då kontrollutvalet vart orientert om instrumenta i møte 9. mars 2010. Korleis note skulle utformast vart diskutert med revisjonen, og kommunen har ein utfyllande note om instrumenta i rekneskapen for år 2009.

Etter rådmannen si vurdering er dermed spørsmåla De tek opp, svara på i kontrollutvalet sitt møte 9. mars 2010.

I brev datert 7. januar 2010, spør De om kontraktane vart konkurranseutsett. Dette orienterte vi om på møtet 22. desember:

> Tilbod innhenta frå Nordea Markets og Sparebanken Møre 24.10.08

De vart også opplyst om at omdanninga frå Renteswap til Swapsjonar ikkje vart konkurranseutsett.

14

V-1



De tek også opp at De legg til grunn at rekneskapsmessig handtering blir gjort i samsvar med regelverk og god kommunal rekneskapsskikk.

Her legg rådmannen til grunn samforståinga mellom Norsk rådmannslag og NKK (1994) som avgrensar rådmannens ansvar for rekneskapen.

> Rådmannen legg til grunn rekneskapsmessige handteringa vert vurdert av fagsjef rekneskap, og har ikkje grunn for å tru at rekneskapen ikkje vert avslutta i samsvar med regelverk og god kommunal rekneskapsskikk.

Med helsing

Ole-Johan Lillestøl
rådmann

Arild Bergström
økonomisjef

Kopi til:
Dag Flacké
Eldrid Suorza

V-1

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
i Møre og Romsdal IKS

# Vedlegg 8



| Vår sakshandsamar: | Vår dato: | Vår referanse: |
|---|---|---|
| Kurt Løvoll | 01.02.2011 | |
| | Dykkar dato: | Dykkar referanse: |

Nordea Bank Norge ASA
Notenesgata 2
6002 ÅLESUND

*Derivatkontrakter nr. 959719, 897095 og 879103 – Sykkylven kommune til sammen kr 436.708.230,-*

Komrev3 IKS er revisor for Sykkylven kommune (regnskaps- og forvaltningsrevisjon). For å få belyst ulike sider ved finansforvaltningen i kommunen tillater en seg å be Nordea om noen opplysninger.

1. *Kundeklassifisering*

Vi ber om å få opplyst hvilke vurderinger som er gjort i forbindelse med kundeklassifisering (jf. verdipapirloven), og ber om å få oversendt eventuell korrespondanse med kommunen om dette.

2. *Finansreglementet i Sykkylven kommune*

Vi vil også sette pris på å få bankens vurdering av om handelen med swapsjoner er innenfor rammene som finansreglementet i Sykkylven kommune setter, og eventuell skriftlig dokumentasjon av korrespondanse/vurdering ifm dette.

Med hilsen

Kjetil Bjørnsen
daglig leder

Kurt A. Løvoll
revisjonsrådgiver

Kopi: Sykkylven kommune v/rådmannen



16

V-1

17

# Vedlegg 9

| | | |
|---|---|---|
| Kjetil Bjørnsen/KOMMUNEREVISJON | To | Kurt Anders Løvoll/KOMMUNEREVISJON@KOMMUNEREVISJON |
| 14.02.2011 12:41 | cc | |
| | bcc | |
| | Subject | Vs: Att: Kurt A. Løvoll - Derivatkontrakter Sykkylven Kommune |

----- Videresendt av Kjetil Bjørnsen/KOMMUNEREVISJON den 14.02.2011 12:41 -----

<louise.haahjem@nordea.com> den 14.02.2011 12:42:34

Til: <komrev3@komrev3.no>
cc:

Emne: Att: Kurt A. Løvoll - Derivatkontrakter Sykkylven Kommune

Att: Kurt A. Løvoll

Derivatkontrakter Sykkylven Kommune

Vi viser til brev datert 1. februar 2011 der dere ber om opplysninger vedrørende Sykkylven Kommune.

Vi har vært i kontakt med våre advokater vedrørende vår taushetsplikt i den anledning og må etter tilbakemelding derfra, be om at en slik henvendelse sendes oss fra Sykkylven Kommune direkte.

**Louise Haahjem**

**Nordea Markets**
Financial Advisory Ålesund
Notnesgate 2, P.O. Box 124, NO-6001 Ålesund, Norway
**Phone:** +47 22 48 78 30 **Fax:** +47 70 12 48 96 **Mobile:** +47 922 249 01
E-mail: louise.haahjem@nordea.com

This transmission is intended solely for the person or entity to whom it is addressed. It may contain privileged and confidential information. If you are not the intended recipient, please be notified that any dissemination, distribution or copying is strictly prohibited. If you have received this transmission by mistake, please let us know and then delete it from your system.

V-1

Nordea

## Markedsverdirapport



SYKKYLVEN KOMMUNEKASSE
RÅDHUSET
6230 SYKKYLVEN

***I henhold til avtale, har vi beregnet markedsverdien (MV) for deres nedenfor listede handler ved markedets slutt 31. desember 2010***

### Rentederivat Produkter

| Produkt | Kontrakt nr. | Handelsdato | Bet/Motta fast | Valuta | Hovedstol | Kurs | Startdato | Forfallsdato | Påløpt rente | MV. inkl. påløpt | MV (NOK) |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Extendable Interest Swap | 879095 | 01-DEC-09 | N/A | NOK | 181,208,230 | N/A | 17-DEC-10 | 17-DEC-19 | -54,262 | -8,709,494 | -8,709,494 |
| Extendable Interest Swap | 879103 | 01-DEC-09 | N/A | NOK | 76,500,000 | N/A | 05-NOV-10 | 05-FEB-20 | -51,170 | -2,525,639 | -2,525,639 |
| Samlet | | | | | | | | | | | -11,235,133 |

| | |
|---|---|
| Samlet markedsverdi (MV) på Rentederivat Produkter | -11,235,133 |

| | |
|---|---|
| **Samlet markedsverdi (MV) på transaksjoner med Nordea Bank Finland** | **-11,235,133** |

*Opplysningene overfor er utelukkende ment som informasjon. De beregnede verdiene representerer ikke verdier som vi vil inngå, overdra, gjöre opp eller terminere noen transaksjon på, og skal ikke oppfattes som et tilbud eller en anbefaling om å inngå, overdra, gjöre opp eller terminere noen transaksjon. Påløpte renter og markedsverdi beløp er i NOK. Alle posisjoner ses fra kundens perspektiv. Positiv verdi representerer positiv verdi for kunden. N/A er brukt der data ikke er tilgjengelig/ikke gjelder for det rapporterte produktet.*

*Verdiene er beregnet på grunnlag av våre beregningsmodeller og tilsvarer ikke nödvendigvis andre alminnelig brukte beregningsmodeller. De verdiene som er beregnet her kan avvike fra beregninger fra andre kilder. Verdiene er beregnet ut fra midtpunktet på den relevante rentekurven og gjenspeiler verken forskjellen mellom kjöper- og selgerkurs i markedet eller andre faktorer som kan påvirke verdiene, herunder men ikke begrenset til kredittpolicy, markedsmessige forhold eller andre forretningsmessige forhold. Verdiene gjenspeiler derfor ikke de totale kostnadene ved overdragelse, terminering eller andre disposisjoner over Deres transaksjoner. Nordea kan ikke bekrefte at De vil kunne gjennomföre slike disposisjoner til de verdier som fremgår nedenfor eller at slike disposisjoner vil være tilgjengelig for Dem overhodet. Nordea fraskriver seg ethvert ansvar for tap forårsaket av at noen har innrettet seg i tillit til denne rapporten, herunder tap forårsaket av feil eller utelatelser.*

*Dersom dere har noen spörsmål, vennligst kontakt Deres kontaktperson i Nordea.*

Vedlegg 10

**Nordea Bank Finland Plc**
Aleksanterinkatu 36
Fin-00020 Nordea
Helsinki, Finland

Nordea

**Vedlegg 2**

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3
i Møre og Romsdal IKS

Postboks 7734 Spjelkavik

Oslo 11. mars 2011

**Vedrørende derivatkontrakter – Sykkylven kommune**

*Derivatkontrakter nr 959719, 879095 og 879103 – Sykkylven kommune til sammen kr 436.708.230,-*

Kontrakt 959719 Inngått 4-nov-2010 terminert 23-des-2010
Kontrakt 879095 Inngått 1-des-2009 beløp 181.208.230,-
Kontrakt 879103 Inngått 1-des-2009 beløp 78.500.000,-

1. Kundeklassifisering

Nordea har klassifisert Sykkylven kommune som Ikke profesjonell, dette gir kommunen største grad av informasjonssikkerhet.

2. Swapsjoner

I forbindelse med kontraktene 879095 og 879103 må man se på bakgrunnen for at disse ble gjort. Før inngåelse av de to kontraktene hadde Sykkylven kommune to kontrakter 790218 og 814864.

Kontrakt 790218
Renteswap, løpetid: 19 des. 2011, fastrente: 4,23 % kvartalsvis act/360, beløp 181.208.230,-
Kontrakt 814864
Renteswap, løpetid: 5 feb. 2014, fastrente: 3,49 % kvartalsvis act/360, beløp 78.500.000,-

I november 2009 var det diskusjoner om hvilke muligheter Sykkylven kommune hadde for å redusere rentekostnader. Kommunens budsjett kurs for 2010 var 3,10 %. Rentekurven var på det aktuelle tidspunktet slik at forlengelse av renteswappene ikke ville gi reduserte rentekostnader. Den eneste muligheten for å oppnå redusert rente var

